



Ytre Sogn vassområde

Sogn og Fjordane vassregion

Budsjett 2019

Budsjettet tek som i tidlegare år utgangspunkt i finansieringsmodellen skildra i prosjektplanen for Ytre Sogn vassområde 2016-2021. Alle kommunane som har størsteparten av arealet sitt innanfor vassområdet har slutta seg til prosjektplanen ved politiske vedtak.

Budsjett 2019 for Ytre Sogn vassområde

	2019 Budsjett	2018 Rekneskap
UTGIFTER		
Prosjektleiing	370 000	359 479
Møter, reiser, kurs	40 000	19 610
Vasskjemi, biologiske prøver	300 000	395 484
Konsulenttenester problemkartlegging avfallsplassar	150 000	0
Konsulenttenester problemkartlegging avløp/landbruk	300 000	0
Avløpsprosjektet	400 000	0
Konsulenttenester forbygde/kanaliserte elvar	89 000	84 766
Konsulenttenester vandringshinder kommunale veger	200 000	0
Totalt	1 849 000	859 339
INNTEKTER		
Midlar frå kommunar	-294 490	-294 490
Midlar frå fylkeskommunen og Miljødirektoratet	-294 490	-294 490
Statlege midlar til overvaking		-164 000
Totalt	-588 980	-752 980
RESULTAT		
Avsetning(-)/bruk(+) fond	1 260 020	106 359
Saldo pr 01.01.	-1 502 058	-1 502 058
Saldo pr 31.12.	-242 038	-1 395 699

Budsjettet er satt opp med eit totalt forbruk på kr 1 849 000. Forbruket dekkast med ordinære driftsmidlar frå kommunane, fylkeskommunen og Miljødirektoratet, i tillegg til bruk av det akkumulerte overskotet frå tidlegare år (fondsmidlar) og ein forventa tilleggsbevilling frå fylkeskommunen.

Fondsmidlane er eit resultat av vakanse og redusert aktivitet i tidlegare år. I 2019 leggjast det difor, som i 2018, opp til eit kunnskapsløft innan vassfaglege problemstillingar der kommunane er involvert som sektorstyresmakt. Ein vesentleg del av utgiftene elles gjeld tiltaksovervaking og arbeid med tiltak.

Med unntak av posten som gjeld den forventa tilleggsbevillinga frå fylkeskommunen, er inntektssida på budsjettet i tråd med prosjektplanen.

Budsjetterte utgifter i 2019 byggjer også på prosjektplanen, men med følgjande endring/tillegg:

- Posten *vassanalysar og overvaking inkl. rapportar* som i prosjektplanen er oppført med kr 300 000, er tatt bort og i staden erstatta av fleire enkeltpostar med ei samla kostnad på til saman kr 1 439 000. Dette oppsettet blei nytta også for 2018-budsjettet.

Enkeltpostane/prosjekta er i tråd med aktivitetsplanen for 2019.

Ein vesentleg del av den ovannemnde summen på kr 1 439 000 er tiltenkt prosjekt starta opp eller planlagt starta opp i 2018, men som strekk seg inn i 2019 og der ein del av dei venta utgiftene først kjem då.

Det er søkt om høvesvis kr 50 000 og 250 000 til bruk på prosjekt som ligg under budsjettpostane *konsulenttenester problemkartlegging avfallsplassar og konsulenttenester vandringshinder kommunale veger*. Dei omsøkte beløpa skal fordelast på fleire vassområde. Beløpa er ikkje inkludert i budsjettet.